



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
35/21	Eldreråd	08.11.2021
34/21	Råd for personar med nedsett funksjonsevne	09.11.2021
33/21	Arbeidsmiljøutvalet	23.11.2021
38/21	Helse og oppvekstutvalet	10.11.2021
76/21	Næring, teknisk og miljøutvalet	10.11.2021
28/21	Ungdomsrådet	08.11.2021
127/21	Formannskapet	16.11.2021
138/21	Formannskapet	23.11.2021
	Kommunestyret	

### Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022-2025

#### Samandrag:

Saka gjeld fastsetting av økonomiplan for perioden 2022 til 2025 og budsjett for 2022 for Sande kommune.

Kommunelova § 14-1 gir grunnleggjande krav til økonomiforvaltninga i kommuna. «Kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivarettatt over tid. Kommunen skal utarbeide samordna og realistiske planar for eigen verksemd og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling. Kommunen skal forvalte finansielle midlar og gjeld på ein måte som ikkje inneber vesentleg finansiell risiko, blant anna slik at betalingsforplikting kan innfriast ved forfall»

Kommunestyret skal sjølv vedta økonomiplanen og årsbudsjettet, samt finansielle måltall for utviklinga av kommuna sin økonomi.

Vedlagt fyljer kommunedirektøren sitt framlegg til «Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022-2025»

Vedlagt fyljer kommunedirektøren sitt framlegg til «Investeringsbudsjett 2022-2025»

Vedlagt fyljer kommunedirektøren sitt framlegg til «Gebyr- og betalingsregulativ for 2025».

#### Formannskapet 23.11.2021:

#### Behandling:

Framlegg til sak 138/21 Formannskapet 23.11.2021. Frå: Sande Arbeidarparti – Sande Senterparti – Sande Fremskrittsparti., foreslått av Arnljot Muren, Arbeidarpartiet  
Oppretting av fast stilling som ungdomsarbeidar med 100% stillingsstorleik.  
Kostnadane med stillinga, skal inkorporerast i budsjett for 2022 med kr 700 000.-

Stillingsheimelen skal finansierast gjennom regjeringa si styrking av kommuneøkonomien frå AP -SP sin Tilleggsproposisjon til statsbudsjettet for 2022.

Sande Arbeidarparti v) Arnljot Muren

Budsjett, økonomiplan 2022 - 2024, foreslått av Dag Vaagen, Høgre  
Nytt pkt

For at Sande skal vere ei attraktiv kommune å bu i er det viktig med tilrettelegging av opningstidene i barnehagane og i SFO for best mogleg tilpasning til dei føresette sine behov. Kommunestyret ber om at desse forholda vert vurderte ved første budsjettrevisjon for 2022.

Nytt pkt

Kommunestyret ber om at det vinter/vår 2022 vert lagt fram sak med gjennomgang av investeringsbudsjettet for 2022/økonomiplan 2022-2025, med omsyn til politisk forankring, prioritering av tiltak med grunnlag i forventa gjennomføringsevne, ev. reviderte kostnadstal m.m.

Sande Høgre v/Dag Vaagen

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes tilrådd

Fellesframlegg frå Sande Ap, Sande Sp, Sande Frp, sett fram av Arnljot Muren vart tilrådd med 4 røyster (Ap, Sp, Frp). 3 røysta imot.

Framlegg frå Sande Høgre sett fram av Dag Vaagen til nytt pkt fekk 6 røyster og vart tilrådd. Ein røysta imot (A.Muren)

Framlegg frå Sande Høgre sett fram av Dag Vaagen til nytt pkt fekk 4 røyster og vart tilrådd. 3 røysta imot (Ap, Frp)

#### **FSK- 138/21 Vedtak:**

##### **Formannskapet tilrår:**

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til «Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022-2025» vert vedteke.

2. Framlegg til «Investeringsbudsjett 2022-2025» vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg.

Sande kommunestyre godkjenner eit samla låneopptak på inntil kr 23 380 000,-.

3. Framlegg til «Gebyr- og betalingsregulativ for 2022» vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg.

4. Sande kommunestyre vedtek følgjande forslag til finansielle måltall for økonomiplanperioden 2022-2025:

- Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør vere minimum 1,75%

- Disposisjonsfondet skal i løpet av planperioda ligge på 4 % av brutto driftsinntekt.

Oppretting av fast stilling som ungdomsarbeidar med 100% stillingsstorleik.

Kostnadane med stillinga, skal inkorporerast i budsjett for 2022 med kr 700 000.-.

Stillingsheimelen skal finansierast gjennom regjeringa si styrking av

kommuneøkonomien frå AP -SP sin Tilleggsproposisjon til statsbudsjettet for 2022.

For at Sande skal vere ei attraktiv kommune å bu i er det viktig med tilrettelegging av opningstidene i barnehagane og i SFO for best mogleg tilpasning til dei føresette sine behov. Kommunestyret ber om at desse forholda vert vurderte ved første

budsjettrevisjon for 2022.

Kommunestyret ber om at det vinter/vår 2022 vert lagt fram sak med gjennomgang av investeringsbudsjettet for 2022/økonomiplan 2022-2025, med omsyn til politisk forankring, prioritering av tiltak med grunnlag i forventta gjennomføringsevne, ev. reviderte kostnadstal m.m.

#### **Arbeidsmiljøutvalet 23.11.2021:**

##### **Behandling:**

Innstillinga til kommunedirektøren vart samrøystes vedteken med 6 røyster med følgjende vedlegg:

- AMU er bekymra for dei negative konsekvensane budsjettframlegget vil påføre arbeidsmiljøet og arbeidstakarane i Sande kommune.
- Dei frie midlane som budsjettframlegget viser til bør nyttast til å styrke dei eksisterande tenestene i Sande kommune.

##### **AMU- 33/21 Vedtak:**

##### **Kommunedirektøren si tilråding:**

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til «Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022-2025» vert vedteke.
2. Framlegg til «Investeringsbudsjett 2022-2025» vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg.  
Sande kommunestyre godkjenner eit samla låneopptak på inntil kr 23 380 000,-.
3. Framlegg til «Gebyr- og betalingsregulativ for 2022» vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg.
4. Sande kommunestyre vedtek følgjande forslag til finansielle måltall for økonomiplanperioden 2022-2025:
  - Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør vere minimum 1,75%
  - Disposisjonsfondet skal i løpet av planperioda ligge på 4 % av brutto driftsinntekt.

##### **AMU sitt tilleggsvedtak:**

- AMU er bekymra for dei negative konsekvensane budsjettframlegget vil påføre arbeidsmiljøet og arbeidstakarane i Sande kommune.
- Dei frie midlane som budsjettframlegget viser til bør nyttast til å styrke dei eksisterande tenestene i Sande kommune.

### **Formannskapet 16.11.2021:**

#### **Behandling:**

Kommunedirektør Anders Hammer og økonomileiar Elisabet Aklestad orienterte Realitetshandsaming av saka vert utsett til neste møte.

### **FSK- 127/21 Vedtak:**

### **Næring, teknisk og miljøutvalet 10.11.2021:**

#### **Behandling:**

Økonomileiar Elisabet Aklestad orienterte om budsjett- og økonomiplanframlegget frå administrasjonen.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes tilrådd.

### **NTM- 76/21 Vedtak:**

#### **Næring, teknisk og miljøutvalet tilrår:**

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til «Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022-2025» vert vedteke.
2. Framlegg til «Investeringsbudsjett 2022-2025» vert vedteke slik det går fram avkommunedirektøren sitt framlegg. Sande kommunestyre godkjenner eit samla låneopptak på inntil kr 23 380 000,-.
3. Framlegg til «Gebyr- og betalingsregulativ for 2022» vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg.
4. Sande kommunestyre vedtek følgjande forslag til finansielle måltall for økonomiplanperioden 2022-2025:
  - Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør vere minimum 1,75%
  - Disposisjonsfondet skal i løpet av planperioda ligge på 4 % av brutto driftsinntekt.

### **Helse og oppvekstutvalet 10.11.2021:**

#### **Behandling:**

Økonomileiar Elisabet Aklestad orienterte om budsjett- og økonomiplanframlegget frå administrasjonen.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes tilrådd.

### **HO- 38/21 Vedtak:**

#### **Helse- og oppvekstutvalet tilrår:**

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til «Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022-2025» vert vedteke.
2. Framlegg til «Investeringsbudsjett 2022-2025» vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg.  
Sande kommunestyre godkjenner eit samla låneopptak på inntil kr 23 380 000,-.
3. Framlegg til «Gebyr- og betalingsregulativ for 2022» vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg.
4. Sande kommunestyre vedtek følgjande forslag til finansielle måltall for økonomiplanperioden 2022-2025:
  - Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør vere minimum 1,75%

- Disposisjonsfondet skal i løpet av planperioda ligge på 4 % av brutto driftsinntekt.

#### **Råd for personar med nedsett funksjonsevne 09.11.2021:**

##### **Behandling:**

Kommunedirektør Anders Norvald Hammer og økonomileiar Elisabet Aklestad orienterte.

#### **RLF- 34/21 Vedtak:**

##### **Rådet tilrår:**

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes tilrådd, med følgjande tillegg:

- Rådet er bekymra over løyvingane til grunnskulen, særskilt til dei med ekstra behov.
- Rådet er positiv til ekstraløyvinga til førebyggjande arbeid lokalisert til helsestasjonen.
- Rådet er bekymra over tilbodet og det stadig reduserte omfanget av heimebaserte tenester tildelt brukarar.
- Rådet ønskjer at løyvingane til oppstart av frivilligssentral skal utgjere minst ei 50 % stiling som leiar, og denne må utlysast eksternt.

#### **Ungdomsrådet 08.11.2021:**

##### **Behandling:**

Kommunedirektør Anders Norvald Hammer orienterte om budsjettframlegget for 2022.

#### **UNG- 28/21 Vedtak:**

Kommunedirektøren si tilråding vart teke til vitande. Ungdomsrådet i Sande har følgjande kommentarar til budsjettframlegget:

1. Ungdomsrådet ber om at det vert arbeidd for å skape gode møteplassar og trygge oppvekstvilkår for ungdommen.
2. Ungdomsrådet ser viktigheita av å styrke helsestasjonstenesta og førebyggjande tiltak i kommuna
3. Ungdomsrådet ber om at ekstra løyving i statsbudsjettet vert bruk innanfor sektor oppvekst og går til satsingar blant born og unge i kommuna.

#### **Eldreråd 08.11.2021:**

##### **Behandling:**

Kommunedirektør Anders Norvald Hammer og økonomileiar Elisabet Aklestad orienterte.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes tilrådd.

#### **ELD- 35/21 Vedtak:**

##### **Eldrerådet tilrår:**

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til «Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022-2025» vert vedteke.

2. Framlegg til «Investeringsbudsjett 2022-2025» vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg. Sande kommunestyre godkjenner eit samla låneopptak på inntil kr 23 380 000,-.
3. Framlegg til «Gebyr- og betalingsregulativ for 2022» vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg.
4. Sande kommunestyre vedtek følgjande forslag til finansielle måltall for økonomiplanperioden 2022-2025:
  - Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør vere minimum 1,75%
  - Disposisjonsfondet skal i løpet av planperioda ligge på 4 % av brutto driftsinntekt.

#### **Kommunedirektøren si tilråding:**

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til «Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022-2025» vert vedteke.
2. Framlegg til «Investeringsbudsjett 2022-2025» vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg. Sande kommunestyre godkjenner eit samla låneopptak på inntil kr 23 380 000,-.
3. Framlegg til «Gebyr- og betalingsregulativ for 2022» vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg.
4. Sande kommunestyre vedtek følgjande forslag til finansielle måltall for økonomiplanperioden 2022-2025:
  - Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør vere minimum 1,75%
  - Disposisjonsfondet skal i løpet av planperioda ligge på 4 % av brutto driftsinntekt.

**Vedlegg:**

GEBYRREGULATIV 2022

Budsjett 2022 Interkommunalt barnevern

Budsjettforslag Sande kyrkjelege fellesråd

Investeringar

Møtenotater budsjettmøter for 2022

Endeleg framlegg budsjett og økonomiplan 2022-2025

Utskrift vert sendt til:

Anders Norvald Hammer  
kommunedirektør